

**Saksutredning**

Utv.saksnr	Utvaleg	Møtedato

Vennskapskommunesamarbeid med Marijampole kommune i Litauen**Bakgrunn:**

Etter oppløysinga av Sovjetunionen i 1991, vart Litauen ein sjølvstendig nasjon. Det vart fort klart at det var naudsynt med ein god del ekstern hjelp for å få samfunnet på føtene. Solidaritetsaksjonar retta mot landbruket og den ressurssvake befolkninga vart starta. Lesja Bondelag (Litauenaksjonen) starta i 1992 opp arbeidet med hjelpesendingar til Marijampole-området. Intensjonen i starten var å hjelpe bøndene i området å koma i gang med landbruksdrift på jorda som dei fekk attende frå staten. Utstyret dei hadde var nedslite, og ikkje tilpassa dei nye eidegomstilhøva. Etter den første turen i april 1992, kunne deltakarane rapportere om at oppbygginga av samfunnet kom til å ta lang tid, og at folk mangla det meste. Skadane etter okkupasjon i over 50 år var svært store. Lesja Bondelag gjennomførte 14 turar med hjelpesendingar, og avslutta dette arbeidet hausten 2004. Gjennom dei 15 åra som har gått, har kontaktane vorte svært sterke mellom folk i dei to kommunane.

Tankane omkring eit meir formelt samarbeid mellom kommunane vart første gong drøfta i Marijampole i 2002, under ei markering av 10-årsjubileet for kontakten, der mellom andre ordføraren deltok. Lesja kommune inviterte i 2003 ei gruppe frå Marijampole hit til kommunen. Fylkesmannen i Marijampole fylke og ordføraren i Marijampole kommune var av deltakarane. Drøftingane omkring samarbeidet fortsette, og representantar for dei to kommunane var einige om ei formalisering. Etter dette har ordføraren i Marijampole ved fleire høve teke opp spørsmålet. I mai 2006 vitja varaordførar Berit Raanaa ordføraren i Marijampole. Dette møtet førte til semje om at samarbeidet no endeleg skulle formaliseraast. Det vart bestemt at avtale skulle vera klar til signering i samband med at 10. klasse ved Lesja skule skal vitja ei skuleklasse i Marijampole i slutten av september 2006. Lesja kommune tok på seg oppgåva med å førebu kontrakten. Samtalene førde også til ei liste med område for samarbeid:

- Kultur
- Skulesektoren
- Landbruk
- Utveksling og praktikantsamarbeid innanfor landbruk, skule og helsevesen.

Marijampole kommune ligg i den sørvestlige delen av Litauen, nær opp til grensene mot Polen, Kviterussland og Russland (Kalingrad-enklaven), og er ei kommune med om lag 70 000 innbyggjarar, der om lag 48 000 bur i byen Marijampole, og 22 000 i landområda rundt. Kommunens totalareal er på 750 km². Av dette er 72 % (550 km²) jordbruksareal. Kommunen ligg i dei beste jordbruksområda i Litauen, og næringslivet i byen er prega av det. Landbruksrelatert industri, som mølle, gjødselselfabrikk, sukkerfabrikk, meieri og kjøtforedling er av dei største verksemndene i kommunen. Landbruksproduksjonen er allsidig, med mjølk- og kjøtproduksjon, kveite, rug, oljevekstar, sukkerroer, lin, frukt og grønsaker. Gjennomsnittsbruket er på om lag 115 dekar, men variasjonen i bruksstorleik er stor.

Industri og næringsliv er elles variert og veksande. Den geografiske plasseringa gjer at import og sal av bruktbilar frå Vest-Europa til mange av dei tidlegare Sovjet-republikkane er ein stor næringsveg for mange. Eitt tal på dette er vidare eksport av 50 000 bilar frå Marijampole til Russland *kvart år!*

Marijampole er regionsenter for utdanning. Marijampole College er høgskule for landbruk, teknikk og pedagogikk. Det er i overkant av 2 000 studentar ved colleget. Eit gymnasium med 1 500 elevar frå 13 til 18 år, og 12 000 elevar i 9 andre vidaregåande skular finn vi og i byen.

Helsevesenet er utbygd med offentleg helsestasjon, legevakt og sjukehus. I tillegg er det fleire private helsestasjonar i kommunen. Sosialsektoren i kommunen driv 8 ”sosialserviceinstitusjonar”, og har omsorg for rundt 500 familiar. Det er elles eit sterkt religiøst engasjement til hjelp for dei svakaste i samfunnet

Vurdering:

Kontrakten vil gje ei generell føring for korleis samarbeidet skal fungere. Det er viktig at ikkje berre kommunen engasjerer seg, men at også andre (lag og foreiningar) blir trekte inn.

Nytten av å samarbeide med ei kommune med heilt andre samfunnstilhøve enn dei vi har her, vil kunne vera stor. Bortsett frå den kommunale (administrative) kontakten, er det viktig å tenkje på tiltak som kan stimulere til at skuleklasser, lag og foreiningar finn det interessant å ta del i samarbeidet. Tilskot til besøk til Marijampole kan vera ein veg å gå.

I samband med underskriving av vennskapsavtala, er det lagt opp til at formannskapsmedlemmane og oppvekstsjefen deltek på ein tur til Marijampole frå 26. september til 1. oktober.

Dokumenter

- 1 S Vennskapskommunesamarbeid med Marijampole kommune i Litauen
- 2 Avtale om vennskapssamarbeid mellom Marijampole kommune i Litauen og Lesja kommune i Norge. (Trykt vedlegg)

Rådmannens innstilling

Lesja kommune slutter seg til intensjonene om vennskapskommunesamarbeid med Marijampole kommune i Litauen.

Stein Løkken